



Masfjorden kommune

Møteprotokoll for Teknisk utval

Møtedato: 23.05.2023
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 15:30 - 18:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Stian Søvik	Sp	Utvallsleiar
Ørjan Daae	Frp	Nestleiar
Atle Nordland	H	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Lillian Andvik	Krf	Medlem
Britt Inger Myhr	AP	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:
Roald Kvingedal

Sakliste

Saknr	Tittel
005/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste
006/2023	Godkjenning av møtebok
007/2023	Forslag tll tildelingar for hjortejakata 2023
008/2023	Uttale - Søknad om flytting og endra anleggskonfigurasjon Vikane - Blom Fiskeoppdrett
009/2023	Orienteringsak teknisk utval 23.05.2023
010/2023	Delegerte saker

005/2023: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

23.05.2023 TEKNISK UTVAL

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

TU - 005/2023 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

006/2023: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

23.05.2023 TEKNISK UTVAL

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

TU - 006/2023 VEDTAK:

Møtebok vert godkjend.

007/2023: Forslag til tildelingar for hjortejakata 2023

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Rådmann viser til saksutgreiinga og framlegg til hjorteløyver 2023 slik det er vist i tabell under. Heime for vedtaket er hjorteviltforskrifta § 18. Kommunen vil oppmoda alle vald til å gjennomføre jakt i tråd med tildelte løyver og den 3-årige forvaltningsplanen 2022-2024. Uendra tildeling for dei valda som fekk ekstra løyver i 2022. Vald med under 50% felling dei 3 siste år får 1 dyr redusert. Vald med over 90% felling dei 3 siste åra får 1 dyr ekstra. Avskyttingsprofilen vert: **35% kalv 20% 1 ½ års hodyr 20% eldre hodyr 15% spiss bukk og 10% bukk**. Ein fortset ordninga med skrapdyr for kalv under 18 kg. To vald ynskjer ekstra løyver, Torsvik og Trodal. Desse får 2 løyver ekstra kvar.

Også i år vert det ikkje vedlagt fellingsløyve og fellingsrapport i papirversjon, då ein legg opp til at ein nyttar Hjorteviltregisteret. www.hjorteviltregisteret.no. Her legg valdansvarleg inn: Fellingsrapport, sett og skutt, og slaktevekter seinast 14 dagar etter jaktas slutt (06.01.2024) jf. §32 i

Forskrift om forvaltning av hjortevilt – med kommentarer M-478.

23.05.2023 TEKNISK UTVAL


Saka vart drøfta.

Teknisk utval viser til saksutgreiinga og framlegg til hjorteløyver 2023 slik det er vist i tabell under. Heimel for vedtaket er hjorteviltforskrifta § 18. Kommunen vil oppmoda alle vald til å gjennomføre jakt i tråd med tildelte løyver og den 3-årige forvaltningsplanen 2022-2024. Uendra tildeling for dei valda som fekk ekstra løyver i 2022. Vald med under 50% fellingdei 3 siste år får 1 dyr redusert. Vald med over 80% felling dei 3 siste åra får 1 dyr ekstra.

Avskyttingsprofilen vert: 30% kalv 20% 1 ½ års hodyr 20% eldre hodyr 15% spiss bukk og 15% bukk. Ein fortset ordninga med skrapdyr for kalv under 18 kg.

Også i år vert det ikkje vedlagt fellingsløyve og fellingsrapport i papirversjon, då ein legg opp til at ein nyttar Hjorteviltregisteret. www.hjorteviltregisteret.no. Her legg valdansvarleg inn: Fellingsrapport, sett og skutt, og slaktevektar seinast 14 dagar etter jaktas slutt (06.01.2024) jf. §32 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt – med kommentarer M-478.

Det vert søkt om fri kalveavskyting til Miljødirektoratet.



Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - 007/2023 VEDTAK:

Teknisk utval viser til saksutgreiinga og framlegg til hjorteløyver 2023 slik det er vist i tabell under. Heimel for vedtaket er hjorteviltforskrifta § 18. Kommunen vil oppmoda alle vald til å gjennomføre jakt i tråd med tildelte løyver og den 3-årige forvaltningsplanen 2022-2024. Uendra tildeling for dei valda som fekk ekstra løyver i 2022. Vald med under 50% fellingdei 3 siste år

får 1 dyr redusert. Vald med over 80% felling dei 3 siste åra får 1 dyr ekstra.

Avskyttingsprofilen vert: 30% kalv 20% 1 ½ års hodyr 20% eldre hodyr 15% spiss bukk og 15% bukk. Ein fortset ordninga med skrapdyr for kalv under 18 kg.

Også i år vert det ikkje vedlagt fellingsløyve og fellingsrapport i papirversjon, då ein legg opp til at ein nyttar Hjorteviltregisteret. www.hjorteviltregisteret.no. Her legg valdansvarleg inn: Fellingsrapport, sett og skutt, og slaktevektar seinast 14 dagar etter jaktas slutt (06.01.2024) jf. §32 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt – med kommentarer M-478.

Det vert søkt om fri kalveavskyting til Miljødirektoratet.



008/2023: Uttale - Søknad om flytting og endra anleggskonfigurasjon Vikane - Blom Fiskeoppdrett

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune har ingen merknader til søknad om endra storleik, plassering og konfigurasjon av anlegget ved Vikane 13704 (Einestrand), men ein ber om at det blir teke med som eit vilkår at anlegget vert flytta lenger nord inn i nytt området i interkommunal plan for sjøareal, avsett for akvakultur, når denne planen er vedteken. Vidare ber ein om at sjølve forflåten vert flytta lenger bort/ får større avstand til bustaden på gnr. 59 bnr. 10.

23.05.2023 TEKNISK UTVAL

Saka vart drøfta.

Masfjorden kommune har ingen merknader til søknad om endra storleik, plassering og konfigurasjon av anlegget ved Vikane 13704 (Einestrand), men ein ber om at det blir teke med som eit vilkår at anlegget vert flytta lenger nord inn i nytt området i interkommunal plan for sjøareal, avsett for akvakultur, når denne planen er vedteken. Vidare ber ein om at sjølve forflåten vert flytta lenger bort/ får større avstand til bustaden på gnr. 59 bnr. 10.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - 008/2023 VEDTAK:

Masfjorden kommune har ingen merknader til søknad om endra storleik, plassering og konfigurasjon av anlegget ved Vikane 13704 (Einestrand), men ein ber om at det blir teke med som eit vilkår at anlegget vert flytta lenger nord inn i nytt området i interkommunal plan for sjøareal, avsett for akvakultur, når denne planen er vedteken. Vidare ber ein om at sjølve forflåten vert flytta lenger bort/ får større avstand til bustaden på gnr. 59 bnr. 10.

009/2023: Orienteringsak teknisk utval 23.05.2023

Rådmannen sitt framlegg:

1. Teknisk utval ynskjer å ha utvalsmøte annakvar månad forslag til møteplan for 2023:

22 august, 24 Oktober, 12 Desember

2. Teknisk utval ynsker å endre på deligeringsreglementet, formannskapet vil drøfte dette på junimøtet, og at administrasjonen må vente på formannskapet si bestilling.

3. Oversikt over Viltfond og Fiskefond.

4. Det vert jegerkurs i løpet av hausten 2023, det vert nytta av viltfondsmidlar for dekking av kurs avgift.

23.05.2023 TEKNISK UTVAL

1. Teknisk utval ynskjer å ha utvalsmøte annakvar månad, møte plan for 2023:
22 august, 17 Oktober, 12 Desember

1. Teknisk utval ynsker å endre på deligeringsreglementet, formannskapet vil drøfte dette på junimøtet, og at administrasjonen må vente på formannskapet si bestilling.

1. Oversikt over Viltfond og Fiskefond.
Roald orientere om økonomien og retningslinjer viltfond og fiskefond.
1. Det vert jegerkurs i løpet av hausten 2023, det vert nytta av viltfondsmidlar for dekking av kurs avgift. Det vert sendt ut info om påmelding på heimesida, og skyttarlaga I Masfjorden kommune.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

TU - 009/2023 VEDTAK:

Orienteringssaker vert tekne til orientering

010/2023: Delegerete saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerete saker vert tekne til orientering

23.05.2023 TEKNISK UTVAL

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - 010/2023 VEDTAK:

Delegerete saker vert tekne til orientering

Rett utskrift frå møteboka frå vert vitna:

Karstein Totland
ordførar

Torill Torsvik Størkensen
varaordførar

X
leiar

X
nestleiar

Karstein Totland
ordførar

X
kommunestyremedlem

X
kommunestyremedlem